



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

10.09.2025

Vår ref:

2025/10150

Dykkar dato:

23.06.2025

Dykkar ref:

202309676

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - konsesjonspliktavurdering - Årøy 1 kraftverk - Sogndal

Statsforvaltaren meiner at planlagt opprusting og utviding av Årøy 1 kraftverk kan få negative konsekvensar for laksen, og at dette må utgreiast. Om tiltaket skal realiserast vil det vere nødvendig med formaliserte kørereglar for kraftverket som kan ta vare på laksen.

Vi viser til høyringa av førespurnad/melding frå Sognekraft Produksjon AS om vurdering av konsesjonsplikt for opprusting og utviding av Årøy 1 kraftverk i Årøyvassdraget.

Vi har skrive fråsegna i samråd med Miljødirektoratet, sidan utbygginga er planlagt i eit lakse- og sjøarevassdrag. Direktoratet må involverast i den vidare saksgangen.

Bakgrunn

Sognekraft Produksjon AS vil rehabilitere inntaket, skifte ut nedre del av vassvegen, og å byggje ny Årøy 1 kraftstasjon (figur 1). Slukeevna skal aukast frå dagens 3,5 m³/s til 9 m³/s, og installert effekt skal aukast frå 3,7 MW til 9,9 MW. Føremålet er å auke verknadsgraden i kraftverket og kunne nytte ein større del av tilsiget i flaumperiodar. Gjennomsnittleg årsproduksjon vil då auke frå 28 GWh til 40 GWh.

Auka slukeevne vil auke fleksibiliteten i periodar med lite magasinvatn og tilsig. Ved stans av Årøy 2 kraftverk, som har kapasitet på 73 m³/s, vil vassføringa i elva kunne trappast ned jamnare enn i dag ned mot minstevassføringskravet på 3 m³/s. Begge kraftverka (Årøy 1 og Årøy 2) har avløp på lakseførande strekning, og i meldinga er det lagt til grunn at endringa vil vere positiv for laksen i Årøyelvi.

Stortinget oppretta i Innst.S.nr. 132 (2002-2003) Årøyelvi som nasjonalt laksevassdrag, noko som gir laksen eit spesielt vern i utbyggingssaker. Dette verneregimet er òg i samsvar med kapittel 6.1 i St.prp.nr 32 (2006-2007), som omtalar og definerer inngrep og aktivitetar som kan skade produksjonen eller overlevelsens av laks i vassdrag. Blant anna er det nemnt at tiltak ikkje kan gjennomførast dersom det fører til endring av naturleg vassføring.

Det er ikkje krav til minstevassføring frå inntaket til Årøy 2 kraftverk i Hafslovatnet, og elva nedstraums er i periodar tilnærma tørrlagt. Vassføringa mellom dette inntaket og inntaket til Årøy 1 kraftverk i Årøyelvi (ved kommunegrensa), vil auke noko etter at nytt kraftverk er sett i drift. Frå

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding


Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



inntaket og til avløpet for nytt Årøy 1 kraftverk, vil vassføringa bli redusert i periodar med stort tilsig og køyrepress.



Figur 1: Kart som viser Årøyelva frå Hafslovatnet til fjorden, dei to kraftverka med inntak, vassveg og kraftstasjon. Årøy 2 kraftverk er kalla Årøy 530 på kartet. Kjelde: [NVE atlas](#).

Vår vurdering

Opprusting/utviding av eksisterande reguleringar kan vere viktige bidrag til å nå nasjonale mål om energiutbygging. Denne saka gjeld ei enkel førehandsvurdering av om ei utbygging kan vere til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser, slik at tiltaket må konsesjonshandsamast. Det er dermed berre ulempene ved tiltaket som skal vurderast.

Som det står i meldinga vil jamnare køyring ned mot minstevassføringskravet vere positivt for laksen. Samtidig kan auka slukeevne mogleggjere ytterlegare effektkøyring enn det som er mogleg i dag. I meldinga er det nemnt at «.. I periodar vil det kunne vere ein del effektkøyring mellom 3 og 9 m³/s, tilpassa behovet i kraftsystemet. Dette gjeld spesielt i vinterperioden med lite tilsig.»

Moglege negative konsekvensar for laksen av endra køyremønster er ikkje vurdert i meldinga, og etter vår vurdering er kunnskapsgrunnlaget ikkje i tråd med kravet i naturmangfaldlova § 8. Det er soleis behov for ei fiskefagleg utgreiing, før det kan vurderast å gi fritak frå konsesjonskravet.

Formaliserte køyrereglar for eit nytt Årøy 1, altså eit reglement for miljøtilpassa vassføring, må fastsetjast i ein konsesjon. Om det kan vere forsvarleg i staden å ta atterhald for eit konsesjonsfritak, så må dette spegle att moderne konsesjonskrav, og det må kunne følgjast opp på tilsvarande måte som konsesjonsvilkår. Vi konstaterer at NVEs retningslinjer for konsesjonspliktavurdering seier at det bør søkast om konsesjon for tiltak som påverkar anadrom strekning i nasjonale laksevassdrag.

Årøyvassdraget er eit prioritert vassdrag for revisjon av konsesjonsvilkåra, i kategori 1.2, som tyder på at vassdraget har middels potensial for forbedring av viktige miljøverdiar. Det bør vurderast om



oppgraderinga av Årøy 1 bør samkøyrast med ein vilkårsrevisjon, slik at fordelar og ulemper ved vidare kraftutbygging kan vurderast i ein heilskap. Dette kan òg sikre at regulanten kan leggje til grunn framtidige vilkår før det blir gjennomført ei eventuell kostbar oppgradering.

Vi legg til grunn at Naturbase og Artskart blir sjekka ut. Vi kan nemne at det nyleg er registrert ein flaummarkskog, [Årøyelvi V 1 \(NINFP2310123866\)](#), på strekninga mellom inntak og kraftstasjon for Årøy 1 kraftverk.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Årøy gard			
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM